

SOS4011
Teorifordypning i sosiologi

HAUST 2012

10 STUDIEPOENG

HEIMEEKSAMEN

Oppgåva blir delt ut måndag 3. desember kl. 09.00. Oppgåva leverast både elektronisk i Fronter og i papir før kl. 14.00 måndag 10. desember.

Innlevering på papir: To eksemplar og den obligatoriske erklæringa skal leveras inn måndag 10. desember mellom kl. 12.00 og 14.00 til instituttet sin representant i skranken til venstre for SV-Infosenter, 1. etg i Eilert Sundts hus.

Innlevering i Fronter: Oppgåva leveras i innleveringsmappa som er oppretta i fellesrommet til SOS4011 (SOS4011- Fellesrom 2012 –høst) før klokka 14.00 måndag 10. desember. Rommet stenges for innlevering etter dette.

Sensur fell etter munnlege eksamenar i veke 51, 2012.

Oppgåva består av **5 sider** og inkluderer framside, oppgåvetekst, retningslinjer og obligatorisk erklæring.

LUKKE TIL!

Seminar 1: Organisasjonar; handlingsføresetnader, leiing og strategi

Vel ein av følgjande to oppgåver:

Anten

Hall and Soskice hevdar at det er to hovudtypar av kapitalisme i verda i dag - liberale og koordinerte marknadsøkonomiar. Diskuter deira påstand og teori i lys av andre bidrag på pensum, eller i lys av annan relevant internasjonal litteratur.

Eller

Diskuter og vurder opp mot kvarandre ulike teoriar om kvifor frivillige organisasjonar eksisterer.

Seminar 3: Bourdieu, Foucault, Habermas, Rawls og kjønn

Vel ein av følgjande to oppgåver:

Anten

Gjer greie for Seila Benhabibs omgrep om narrativ (kjønns)identitet. Diskuter moglege styrkar og avgrensingar ved ei narrativ tilnærming til (kjønns)identitet med utgangspunkt i andre tekstar på pensum. Du kan sjølv velje kva for (nokre) teoretisk(e) tilnærming(ar) du vil trekkje på i diskusjonen.

Eller

Gjer kort greie for hovudtrekka i Lois McNays utlegning av Bourdieu's refleksivitetstese. Diskuter styrkar og veikskapar ved denne refleksivitetstesen når det gjeld å gripe opningane for endringar i kjønnsnormer og kjønnsidentitet («kjønnet habitus»).

Retningslinjer / praktisk informasjon om heimeeksamen:

- * Oppgåva skal ha eit omfang på maksimalt 4000 ord (ca. 10 sider). Framside, samandrag, litteraturtilvisingar og eventuelle vedlegg skal ikkje reknast med.
- * Bruk 12 punktts skriftstorleik og linjeavstand 1 1/2.
- * Det skal vere eit samandrag på ca. 10 linjer først i oppgåva. Samandraget skal setjast inn på ei eiga side mellom framsida og sjølve eksamenssvaret.
- * Set inn sidetal i oppgåva.
- * Referanselista skal avsluttast med setninga "Alle kjelder som er brukte i denne oppgåva, er oppgitt".
- * Retningslinjer for referansebruk finn du i *Litt om skrivning av oppgaver*:
<http://www.uio.no/studier/program/sosiologi/undervising/Litt%20om%20skrivning>

- * På framsida av oppgåva skal denne informasjonen stå:
 1. Tittel på oppgåva
 2. Namn på emne og ansvarleg
 3. Innleveringsdato og stad (Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi)
 4. Kandidatnummer (kan hentast på Studentweb)
 6. Tal på ord i oppgåva (framside, samandrag, litteraturtilvisingar og eventuelle vedlegg skal ikkje reknast med)

LUKKE TIL!

OBLIGATORISK ERKLÆRING

Eg erklærer med dette at eksamensoppgåva eg har levert til emnet _____ ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo,

1. ikkje heilt eller delvis skal leverast eller er levert til noko anna kurs eller emne dette semesteret eller noko tidlegare semester,
2. ikkje heilt eller delvis er levert til nokon annan eksamen ved noko(n) anna(n) institutt/universitet/høgskule innanlands eller utanlands,
3. ikkje byggjer på andres arbeid utan at kjelda er oppgitt,
4. ikkje byggjer på eige tidlegare arbeid som tidlegare er trykt, utan at det er oppgitt,
5. har med alle referansar undervegs i teksten og i referanselista/litteraturlista,
6. ikkje inneheld avsnitt eller setningar frå andres arbeid utan at dei er merkte med hermeteikn og sidetilvising, og heller ikkje inneheld delvis omskrivne avsnitt eller setningar frå andres arbeid.

Eg er kjend med at brot på ei eller fleire av desse føresegnene må reknast som dårleg tilvisingsskikk, plagiat eller uheiderleg framferd. Det kan i verste fall sjåast på som fusk og føre til annullering av eksamen og eventuelt utestenging i kortare eller lengre tid.

Eg har òg gjort meg kjend med innhaldet i lenkja "Litt om skriving av oppgaver":
<http://www.uio.no/studier/program/sosiologi/undervising/Litt%20om%20skrivning>

Dette innleverte svaret kan brukast til undervisningsformål i anonymisert form

(set kryss): JA
NEI

Stad og dato _____

Namn _____

Kandidatnummer _____

Underskrift _____